



RUSMIDDELPOLITISK
HÅNDLINGSPLAN
FOR
SELJORD KOMMUNE
2009 : 2013

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune 2009 - 2013

1.0 Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein sektorovergripande og koordinerande delplan for Seljord kommune.

I rusmiddelpolitisk handlingsplan inngår fylgjande som vedlegg:

1. Bakgrunn for planen.
2. Alkoholpolitiske retningsliner for Seljord Kommune. (Vedtast i kommunestyret)
3. Rutiner for samhandling rundt rusmiddelavhengige og pårørande. (Vedtast administrativt)

2.0 Målsetjing

- 2.1 Mål med planen er å redusere skadeverknadar av rusmiddelbruk og førebyggje rusmiddelavhengighet.

3.0 Strategiar og tiltak

- 3.1 Ansvar for koordinering og samordning av rus-førebyggjande tiltak og oppfylgning av misbrukarar og pårørande ligg til NAV-kontoret v/koordinator for rusomsorg.
- 3.2 Førebyggjande arbeid og innsats i høve til rusmiddelavhengige og pårørande skal være blant kommunens prioriterte oppgåver. Barn av rusmiddelavhengige skal viast særskild merksemd.
 - Ansvarleg: Rådmannen/kommunalsjefar/avdelingsleiarar.
- 3.3 Skulane har eit særskild ansvar for tilrettelegging for foreldreinvolvering gjennom t.d. prosjektet "Kjærleik og grenser", dialogkonferanse og årleg igangsetjing av natteramnane. Ein skal ha særleg fokus på bruk av rusmiddel blant jenter.
 - Ansvarleg: Rektorar ved dei einskilde skular/helsesyster for ungdom.
- 3.4 Gruppa for kriminalitetsførebyggjande tiltak (jf. Plan for trivsel og oppvekst) skal kvart år i forkant av budsjettarbeidet (aug/sep) gjennomgå rusmiddelsituasjonen i kommunen og ev. kome med framlegg til tiltak som kan motverka ei negativ utvikling.
 - Ansvarleg: Lensmannen i Seljord/koordinator for rusomsorg.
- 3.5 Tilsette i Seljord kommune skal jf. opplæringsplanen få tilbod om opplæring i både basiskunnskap og spesialisert kunnskap om rus og rusproblematikk gjennom interne og eksterne kurs, opplæringstiltak og veiledning.
 - Ansvarleg: Opplæringskoordinator/koordinator for rusomsorg.
- 3.6 Løyvehavarar og tilsette i verksemdar med sals- eller skjenkeløyve får tilbod om kurs i Alkohollova, konflikthandtering m.v.
 - Ansvarleg: koordinator for rusomsorg.

3.7 I den rusmiddelpolitisk handlingsplanen inngår eksisterande tiltak:

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring
Folkehelseprogrammet	Kultursjefen	Partnerskapsavtale går ut 2009
Frivilligsentralen	Raude kros/Dagleg leiar	Etablert tiltak
Kurs fyrstegongsforeldra	Helsesystemer	Årleg kurs
Kjerleik og grensar	Ungdomshelsesystemer	Årleg prosjekt
Nattramnar i Seljord	Nattramnestyret/ rektor ungdomsskolen	Årleg; frå 1. mai til Dyrsku'n
Dialogkonferanse	Rektor ungdomsskolen	Kvar haust
Det gode hybelliv	Bø vg. skule avd. Seljord	Prosjektstart august -09
Kveldstilbod på Granvin	Kultursjefen	Annan kvar fredag i vinterhalvåret
Helsestasjon for ungdom	Ungdomshelsesystemer	Open ein ettermiddag i veka
Opne informasjonsmøte	Koordinator for rusomsorg	Ein gong årleg
Møte med løyvehavarar	Koordinator for rusomsorg	Ein gong årleg
Politiråd	Ordførar	To gangar årleg
Gruppe for kriminalitetsførebyggande tiltak	Lensmannen	1-2 gangar årleg
Tverrfagleg samarbeidsgruppe for barn og unge	Ungdomshelsesystemer	Regelmessig samling
Kriseteam	Leiar psyk. helse	Ved alvorlege hendingar
Gjeldsrådgeving	Gjeldsrådgevar/NAV	Etablert tiltak
Kvalifiseringsprogrammet	NAV	Etablert tiltak
Bustadsosiale tiltak	NAV/koordinator for rusomsorg/prosjektgruppe	Plan gjeldande 2007 – 2011
Snak om det – ikkje berre snakk	Leiar psyk. Helse	Avsluttes hausten -09
Livsmeistring og sosial inkludering	NAV/koordinator for rusomsorg/styringsgruppe	Prosjekt okt -09 – sept -11
Samarbeidsavtale på tenestenivå psykisk helse og rus/avhengighet	Kommunalsjef	Gjeldande frå mai 09

3.8 Prosjekt og tiltak som stør opp under planen si målsetjing kan i tillegg opprettast med heimel i denne planen.

- Ansvarleg: Rådmannen/kommunalsjefar/avdelingsleiarar.

4.0 Interkommunalt samarbeid

4.1 Seljord kommune har som mål å samarbeide med kommunane i Vest- og Midt-Telemark om rusmiddelpolitiske mål og felles alkoholpolitiske retningslinjer.

- Ansvarleg: Ordførar/Rådmann.

5.0 Oppfølging av planen

5.1 Rådmannen har ansvar for å fylgje opp mål og setje i verk tiltak. Tiltaka skal evaluerast årleg og takast med i årsmeldinga. Rusmiddelpolitisk handlingsplan med vedlegg skal rullerast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.